



Arkivnr: 2015/2548-10

Saksbehandlar: Charlotte Espeland

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.11.2015

Evaluering av ordning med faggrupper og fagleg råd for kunst- og kulturformidling i skulen

Samandrag

Hausten 2014 oppretta Hordaland fylkeskommune faggrupper og fagleg råd for arbeidet med kunst- og kulturformidlinga i skulen. Eksterne fagpersonar innan dei forskjellige uttrykka vart med det trekt inn i arbeidet, saman med representantar frå skulesektoren.

Erfaringane frå arbeidet med kunst- og kulturformidlinga i skulen etter at faggrupper og fagleg råd vart etablert er eintydig positive. Den faglege kvalitetsvurderinga er styrka, og skulesektoren medverkar i større grad til at kunst- og kulturformidlinga i skulen vert vidareutvikla med kvalitet i alle ledd.

Prosessen for handsaming av forslag til innhald i programmet og til det endelege programmet er vedteke kan ta opp mot fire-fem månader. For å effektivisere prosessen er det føremålstensleg at mandatet til det faglege rådet vert utvida, slik at endeleg avgjerd av innhald vert tatt der. Skulesektoren går inn i prosessen også på eit tidlegare tidspunkt.

Forslag til vedtak

1. Ordning med faggrupper og fagleg råd for kunst- og kulturformidling i skulen vert videreført.
2. Mandatet til fagleg råd vert endra og utvida: Fagleg råd skal definere særskilde satsingar og fatte endeleg avgjerd om innhald i programmet for kunst- og kulturformidling i skulen.
3. Endra og utvida mandat for fagleg råd gjeld frå og med handsaming av program for skuleåret 2016-2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.10.2015

Hausten 2014 vedtok Kultur- og ressursutvalet at Hordaland fylkeskommune skulle opprette faggrupper og fagleg råd for arbeidet med kunst- og kulturformidlinga i skulen. Eksterne fagpersonar innan dei forskjellige uttrykka vart med det trekt inn i arbeidet, saman med representantar frå skulesektoren. I vedtaket vart det tinga evaluering av arbeidet i etterkant av fastesetting av program for skuleåret 2015-2016. (Jfr. punkt 6 i vedtak i sak 119/14, Kunst og kulturformidling i skulen – etablering av faggrupper og fagleg råd.)

Erfaringane frå arbeidet med kunst og kulturformidling i skulen etter etablering av faggrupper og fagleg råd er eintydig positive. - Den faglege kvalitetsvurderinga er styrka, og skulesektoren medverkar i større grad til at kunst- og kulturformidlinga i skulen vert vidareutvikla med kvalitet i alle ledd. Under Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet si pressekonferanse 18. august i samband med ny organisering av Den kulturelle skolesekken og Rikskonsertane sentralt, vart det peikt på trøngen for tettare samarbeid mellom skule- og kultursektor. Hordaland fylkeskommune svarar langt på veg på dette med etableringa av det faglege rådet, og vil vurdere å utvide rådet med fleire representantar frå skulesektoren.

Frist for å kome med innspel til innhald i programmet er 1. oktober kvart år. Dei siste åra har de kome forslag om rundt 220 produksjonar, omlag 45 av desse vert tatt inn i programmet. Innspela vert vurderte av faggrupper, før Hordaland fylkeskommune legg endeleg program med bakgrunn i innstilling frå fagleg råd, og med omsyn til variasjon i uttrykk, formidlingsstad, formidlingsform etc. Endeleg program vert vedteke av Kultur- og ressursutvalet.

Handsamingsprosessen frå forslaga kjem inn og til det endelige programmet er vedtatt kan ta opp mot fire-fem månader. For å effektivisere prosessen er det føremålstenleg at mandatet til det faglege rådet vert utvida, slik at endeleg avgjerd av innhald vert tatt der. Det faglege rådet er bredt samansett, med ein ekstern representant frå kvart uttrykk i programmet, Høgskolen i Bergen, ein lærar og ein elev, og representantar frå både Opplæringsavdelinga og Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland fylkeskommune. - Kompetansen innan både skule og kultur er høg.

Det faglege rådet får programmet til handsaming etter at faggruppene har kome med sine innstillingar. Ein vurderer det som føremålstenleg at skulesektoren går inn i prosessen på eit tidlegare tidspunkt. Ferdig program vil bli meldt til Kultur- og ressursutvalet.